

## Likestilling sett frå ”sidelinja”

*Korleis kan likestillingsprosjektet revitaliserast, slik at det blir opplevd som relevant for mange i staden for å vere ei særinteresse for nokre få? Ei nyttig revitaliseringsøving er å ta utgangspunkt i folks mangfaldige liv i Noreg i dag.*

Av Long Litt Woon

Målet for likestillinga er, slik eg ser det, at kjønn ikkje skal setje grenser for sjansane og vala våre. Likestillingsprosjektet i Noreg har som regel teke utgangspunkt i kvinners situasjon i eit heterofilt samliv med 1,8 barn i eit felles hushald. Hovudspørsmålet mitt er: Korleis ser likestillingsprosjektet ut frå dei ståstadene som per definisjon blir klassifiserte som ”perifere” i ein slik samanheng?

Påstanden min er at dette ikkje berre er nyttig, men i tillegg ei nødvendig øving for å kunne revitalisere eit likestillingsprosjekt som har gått i stå. Svært mange føler at likestilling er noko vi har oppnådd, og at det å kjempe for auka likestilling ikkje er noko som vedkjem dei eller noko dei treng bry seg om.

Grunnen til at likestillingsprosjektet ikkje ”fengjer” fleire, er, slik eg ser det, at likestilling som politisk prosjekt ikkje har vore betre forankra i folks mangfaldige liv eller i ein brei empirisk røyndom. Utan empirisk forankring er det vanskeleg å utvikle ei god forståing av nyansane i kjønnsstrukturane. Og utan nyansar risikerer eit viktig politisk prosjekt fort å brikke over frå det glade engasjement til humørlaus fundamentalisme.

Ei utviding av likestillingsprosjektet der ein inkluderer andre ”stemmer”, kan vere med på å rette opp dette.

### Frå kvinne til kjønn i sentrum

Suksessen til kvinnerørsla er at likestilling har gått frå å vere eit krav frå ei feministisk kvinnerørsla til ein samfunnsverdi det er vanskeleg å vere imot. Det er for eksempel ingen statsminister etter Gro Harlem Brundtland som vil finne på å leggje statsrådsrådene utan å ha ein nokolunde kjønnsbalanse rundt Kongens bord. Ei kjønnsbalansert statsrådsliste har vorte ei norm som ein forventar blir oppfylt. Debatten i media hausten 2005 om kjønnsbalansen i Stoltenberg-regjeringa viser at forventningane har vorte heva, og at fordelinga av statssekretærar og politiske rådgjevarar òg kjem under lupa no.

Sjølv om kvinnerørsla har vunne mange store sigrar, er det eit faktum at det framleis er menn som sit på 84 prosent av toppstillingane i Noreg i dag (Makt- og demokratiutredningen 2003). Det er derfor framleis på sin plass å definere likestillingskampen som eit kvinneprosjekt som først og fremst kjempar for dei reelle rettane og sjansane til kvinner.

Men ei revitalisering av likestillingsprosjektet krev ein balansegang mellom det å fremme kvinnene si stilling *samtidig* som ein klarer å løfte blikket og arbeide for å kjempe imot grepet som kjønnsrollemønsteret har på *både* menn og kvinner. Det er det siste som ofte må vike, fordi kvinnekampen blir definert som viktigast. Som omgrep er det nok ”likestilling” som er mest brukt av offentlege instansar og politikarar i dag, men som regel er dette eit anna ord for ”kvinners stilling”.

Eg meiner at vektlegging av kjønnsystemet som ramme for vala til både menn og kvinner i siste instans òg kan vere fruktbart for kvinnes krav.

Kjønnsystemet er dei sosiale mekanismene som har å gjere med omforminga av biologisk seksualitet til sosialt kjønn. Både menn og kvinner er med på å reprodusere kjønnsystemet og

dei tilhøyrande kjønnsstereotypane som hindrar dei i å leve livet som heile menneske, fri frå kjønna førehandsprogrammeringar.

Sjølv om menn *som gruppe* har meir makt, meir pengar og meir påverknad på samfunnet enn kvinner, betyr ikkje det nødvendigvis at alle menn har makt *som individ*, eller at alle kvinner er makteslause individ. Menn har lite fridom til å definere seg ut av såkalla mannskulturar, på same måte som kvinner har lite fridom til å definere seg ut av såkalla kvinnekulturar. Avmakt og kjønnsurettferd kan opplevast av kvar og ein av oss uansett kjønn. Å undersøkje korleis både menn og kvinner er med på å støtte opp om systemet for kjønnsdominans og undertrykking, er eit viktig og nødvendig arbeid.

Kvinnekampen har lenge hatt som ein draum å få mange nok menn til å gje frå seg privilegia sine. Men likestillingsmålet openbarar seg ikkje magisk berre nok menn gjev frå seg makt. For å omfordele dei strukturelle maktforskjellane mellom menn og kvinner kjem vi ikkje utanom alternative kjønnsstrategiar for *både* menn og kvinner. Det vil krevje at ein nærmar seg kjønn, makt og privilegium som eit empirisk, ikkje eit ideologisk spørsmål. Her kan det for eksempel vere på sin plass også å stille spørsmål om kva slags makt kvinner som gruppe eventuelt måtte ha i Noreg. Alternativet – knebling av ukorrekte synspunkt og disiplinering av rekkjene – bidreg berre til å **skuve** likestillingsprosjektet enda lenger inn i eit marginalisert hjørne.

Kvinnekampen har lagt vekt på makt, inkludert definisjonsmakt, for å synleggjere barrierane kvinner møter i samfunnet på grunn av kjønn. Definisjonsmakt handlar blant anna om makt til å bestemme kva som skal reknast som viktige og uviktige tema.

For å revitalisere likestillingsprosjektet må vi sjå nærare på definisjonsmakta *internt*. Kven er det som *ikkje* har hatt definisjonsmakta i likestillingsprosjektet? For eksempel har menn, åleineforeldre, homoseksuelle og innvandrarak kjønns, men desse gruppene er ikkje tonegjevande i likestillingskampen. Desse gruppene er ”stumme” i den grad røyndommen deira fell utanfor den dominerande likestillingsdiskursen.

Kan likestillingsprosjektet tilførast ny kraft ved at vi ser på det frå ståstaden til desse gruppene? Det er det som er temaet her.

### **Mann nok til å ta omsorgsansvar?**

Spørsmålet om menn og likestilling har dessverre ein tendens til å bli redusert til eit spørsmål om auka pappapermisjon. Det er derfor ikkje uvanleg at politiske parti konkurrerer om å foreslå flest veker øyremerkte til fedrar i foreldrepermisjonen, kvar gong nokon minner oss om at likestilling ikkje berre handlar om kvinner.

Spørsmålet om menn er mann nok til å ta ansvar for omsorgsoppgåver, byggjer sjølvstøtte på føresetnaden om at kvinner klarer å gje frå seg hegemoniet på dette viktige ansvarsområdet.

Trass i idealet om likestilling i heimen er realiteten i dei fleste heimar i Noreg at far er hovudforsørgjar og mor assistentforsørgjar. Ser vi på Rikstrygdeverket si godkjenning av omsorgspoeng for omsorg for eldre, sjuke, funksjonshemma og barn under 7 år, utgjer menn 1,7 % og kvinner 98,3 % (Trygdestatistikk 2003).

Følgjande to spørsmål heng derfor saman, og *begge* er relevante når vi ønskjer å tilnærme oss menn og likestilling:

*Kva er det som gjer at unge kvinner i dag framleis "vel" å ta på seg hovudarbeidet med å gje omsorg til barn?*

*Kva er det som gjer at unge menn i dag framleis "vel" å knyte identiteten sin som menn så tett til hovudforsørgjarkravet?*

Forskar Robert Connell set søkelyset på makt mellom menn.<sup>1</sup> Det er blant anna *relasjonar menn imellom* som er med på å støtte opp om det eksisterande og konserverande kjønnsystemet. Kjønnsystemet rammar òg menn som definerer seg annleis og i tillegg praktiserer noko anna enn den dominante førestellinga av tradisjonell mannlegheit. Dette verkar hemmande på nokre menns forsøk på å definere mannlegheita si på nye måtar.

På same måte kan det tenkjast at det er *relasjonar kvinner imellom* som òg er med på å støtte opp om det eksisterande kjønnsystemet. Frå utlandet får vi rapportar om korleis det er mødrer og bestemødrer, kvinnekollektivet, som er med på å utsetje unge jenter for diverse kvinneundertrykkjande skikkar. I ein norsk kontekst kan vi byte ut framande skikkar som avgrensar kvinners menneskerettar, med den tette koplinga av omsorgsoppgåver til kvinnerolla. Det er ikkje berre menn, men òg kvinner seg imellom som bidreg til å konservere normer for eksempel om "den gode mor", og som gjer det vanskeleg for ein del kvinner som prøver å definere kvinnelegheita på nye måtar.

Sjølv om dataa dei siste 20–30 åra viser ei positiv utvikling i kvinners og menns tidsbruk på jobb og heime i retning av meir likestilling, står det framleis att store kjønnsforskjellar i fordelinga av det betalte og ubetalte arbeidet. Likestillingsstatistikk har tradisjonelt gått ut på å synleggjere kvinnene si manglande likestilling ved å ta utgangspunkt i menn som norm når det gjeld tema som lønnsinntekt. Ved å ta utgangspunkt i kvinner som norm i lønnsstatistikken synleggjerer vi samtidig menns privilegium. På denne måten synleggjerer vi både handikap og privilegium på grunnlag av kjønn.<sup>2</sup>

På same måte, ved å ta utgangspunkt i menn som norm når det gjeld omsorg, kan vi synleggjere kvinners tilsvarande privilegium innanfor omsorg. Pr. dags dato er det ingen offentleg instans som framstiller omsorgsstatistikken på denne måten.

Tilgjengeleg likestillingsstatistikk på område som omsorg og arbeidsliv er ikkje kjønnsnøytral, men derimot prega av dominerande (kjønna) førestellingar. Kjønnsnøytral likestillingsstatistikk kan skape større medvit om den skeive kjønnsfordelinga på dei to arenaene, jobb og heim, som til saman dannar ein kritisk hovudportal til likestilling.

Det står att å sjå når Statistisk sentralbyrås faste rapportering frå Arbeidskraftundersøkelsen skal publisere informasjon om farskap og yrkesaktiviteten like sjølv sagt som dei i dag regelmessig publiserer tal om morskap og korleis talet på barn påverkar yrkesaktiviteten til mora. Yrkesdeltakinga til mødrene er mest interessant når vi kan samanlikne med tilsvarande tal hos fedrane.

Gode permisjonsordningar for far er den viktigaste vegen for menn inn til omsorgsarbeid – og ut av gamle kjønnsrollemønster. Men velferdsordningar som foreldrepermisjonen er ikkje kjønnsnøytrale. Dei kan formast ut på måtar som gjer individa betre i stand til å velje "kjønnsutradisjonelt" eller meir likestilling. Alternativt kan dei formast ut på måtar som fremmar eit nostalgisk familieideal og påverkar individa til å velje kjønnsstradisjonelt.

Kven har ikkje høyrte om kvinner og menn som kjenner seg tvinga til å ta kjønnsstradisjonelle val fordi dette "lønner seg mest" for familieøkonomien? Trygdeordningar har ikkje, med same kraft, fremma og støtta opp om far som omsorgsperson eller mor som forsørgjar. Det økonomiske nivået i foreldrepermisjonen er tilpassa kvinners lønn. Når mor og far "vel" eit tradisjonelt kjønnsrollemønster fordi det er mest lønnsamt, kan vi spørje oss kor mykje valfridom dei eigentleg har. Poenget mitt her er at *åtferd følgjer struktur*.

Eit anna eksempel er på sin plass her: Da fedrekvoten vart innført i 1992–93, tok fire prosent av fedrane seg fri. I dag tek nesten 87 prosent seg fri. Politiske parti frå høgre- til venstresida i norsk politikk ønskjer seg meir aktivt farskap og er einige om at øyremerking av

pappapermisjon er vegen å gå. Men alle parti vel å auke foreldrepermisjonen totalt – noko SV har rekna ut vil koste omtrent 250 millionar kroner per ekstra veke – for å kunne gje ”meir til far”. Politiske parti på tvers av partigrenser støttar med andre ord opp om at foreldrepermisjonen eigentleg tilhøyrer mor. Ifølgje denne tankegangen blir derfor det å øyremerkje fleire veker til far *innanfor* den eksisterande fellespermisjonen oppfatta som ”å ta frå mor”.

Etter mi meining er løysinga til partia eit tiltak som er bra for farskap og for mannen, men ikkje nødvendigvis eit tiltak som fremmar kvinners likestilling. Sterke samfunnsnormer vil framleis sørgje for at åtferda til mor forblir uendra. Likestillingspolitisk er det ingen tvil om at kinderegg-løysinga er å øyremerkje fleire veker til far *innanfor* den eksisterande foreldrepermisjonen: Det vil auke sjansen til likestilling for både menn og kvinner med eitt og same tiltak. Far får incitament til å bli heime, og mor får incitament til å ta lønnsarbeid.

Når det gjeld kvinner og arbeidsliv, kjenner vi hindringar i form av omgrep som ”glastaket” og førestellingar om kva slags arbeid eller posisjon som passar kvinner best. Når det gjeld menn og omsorgsoppgåver, har samfunnet tilsvarande likestillingshindringar i form av førestellingar om kva slags oppgåver eller roller som passar menn best. Når skal fedrar slutte å få spørsmål om dei er ”barnevakt” når dei er heime åleine med barna – eit spørsmål som er uaktuelt å slenge etter mødrer?

Ønskjer vi å endre førestellingane om ”den gode far” med å gje meir plass for omsorg, vil det òg ha implikasjonar for dagens førestellingar om ”den gode mor”, noko forfattaren Grethe Nestor spissformulerer i *Feministhåndboka* (2005) som eit høgare nivå av ”renhet, godhet og bakelukt”. Når artisten Björk forlèt sonen sin på 14 år for karrieren si skyld, er dette hovudoppslaget i *Dagbladets Magasinet* (19.3.2005). Dersom Björk var mann med ein son på 14 år, er det tvilsamt om avisa ville ha brukt den same overskrifta. Ei mor kan framleis ikkje ta seg fri frå morsidealet.

I diskusjonar om korleis ein fremmar kultur for nyskaping og gründerverksemd, dukkar det ofte opp spørsmål om korleis ein betre kan kombinere omsorg og næringsverksemd. Dessverre er det først og fremst kvinnelege næringsdrivande ein er mest oppteken av å lage nye ordningar for. Det verkar som om styresmaktene og politikarane framleis treng å bli minte om at også mannlege næringsdrivande får barn.

Etter mi meining er konkurranse mellom enkelte grupper menn og kvinner om offerrolla, som vi dessverre av og til er vitne til, og den påfølgjande fordelinga av ansvar og skyld, ei farleg grøft som gjer oss blinde for spørsmålet om korleis både menn og kvinner begge bidreg – på kvar sin måte – til å halde oppe kjønnsystemet.

Menn treng å spørje seg sjølve om dei er uunnverlege på jobb. Kvinner treng å spørje seg sjølve om dei er uunnverlege heime. Det trengst ikkje berre ei ”avkjønning” av arbeidslivet med fleire kvinner inn i styre osv., men òg ei tilsvarande ”avkjønning” av familielivet og omsorgsoppgåvene. Begge prosessar er tett samanvovne og nødvendige brikker i likestillingsprosjektet.

Menn toppar for eksempel statistikken når det gjeld valdsbruk, kriminalitet og sjølv mord. Forskar Knut Kolnar skriv om at det er mennene som arvar valdspotensialet i samfunnet.<sup>3</sup> Har dette noko med kjønnsosialisering av gutar og menn å gjere? Har dette noko med likestillingsprosjektet å gjere? Spørsmålet om menn og likestilling er med andre ord ikkje berre eit spørsmål om kor mange nye fedreveker vi skal ha i foreldrepermisjonen. Likestillingsprosjektet treng å løfte fram fleire aspekt ved menns liv enn det vi gjer i dag.

## Tilsammans: Andre modellar enn kjernefamilien

I 2000 kom Lukas Moodysons film *Tilsammans* om eit svensk hippiekollektiv i Stockholm på 1970-talet. Han vekte latter og smil og minte oss om andre førande samlivsformer enn det som er vanleg i dag.

Kjernefamilien som samlivsform er framleis eit ideal trass i endringar i samfunnet. Når barn "mistar" ein av foreldra sine på i dag, er det vanlegvis ikkje ved død gjennom sjukdom eller ulykke, men på grunn av (manglande foreldresamarbeid ved) samlivsbrot. For første gong har talet på skilsmisser og separasjonar vorte høgare enn talet på inngåtte ekteskap i Noreg. I 2004 vart det inngått 22 350 ekteskap. 11 050 ekteskap vart oppløyse, og det vart innvilga 13 200 separasjonar. Ifølgje SSB er talet på skilsmisser per 1 000 gifte og separerte meir enn firedobla sidan byrjinga av 1960-talet.

Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det finst 469 000 personar i kategorien "ektepar med hjemmeboende barn". Men kjernefamilien er ikkje den einaste rådande modellen vi ser rundt oss i dag. Ifølgje SSBs Folkeboligtellingen frå 2001 tel kategorien "enslig forelder med barn under 17 år" totalt 279 824 personar. SSB rapporterer òg at talet på åleineforeldre er meir enn dobla dei siste tjue åra. Ikkje overraskande er det mange fleire kvinner som er åleineforeldre, enn menn.

Likestilling mellom mann og kvinne i heimen er likevel *ikkje* ei relevant problemstilling for åleineforeldre som sit med *både* forsørgjar- og omsorgsansvar. At politikarar er fanga av ei parfokusering i familiepolitikken, ser vi blant anna i diskusjonen om kontantstøtte og overgangsstønad for åleineforeldre.

Forskar Nina Berven viser korleis retorikken rundt kontantstøtte krinsa rundt "valfridommen til familien", mens nedskjeringa av overgangsstønaden frå ti til tre år vart grunngeven med at det var viktig "å leve av eiga inntekt".<sup>4</sup> "Valfridom" er visst noko som er reservert for dei som lever i eit parforhold. Ein vaken lesar vil raskt snu argumenta og spørje etter valfridommen til åleineforeldra. Og at det er viktig å leve av eiga inntekt for kvar av partane som lever i eit parforhold. I same modus; mens alle har forståing for tidsklemma som pressar ein liten småbarnsfamilie med to vaksne i huset, er det ikkje vanskeleg å førestelle seg tids- og pengeskvisen for åleineforelderen. For eksempel er det fleire blant åleineforeldra som leiger bustaden sin, samanlikna med dei som kan kallast etablerte hushald.

Kjernefamilien som modell for samliv er i praksis sterkt redusert, men står framleis som ideal i familiepolitikken. Men kjernefamilien som ideal verkar ekskluderande ikkje berre for einslege foreldre. Dessverre kan skilsmisser og separasjonar innebære at også besteforeldre, onklar, tanter ofl. brått forsvinn frå det sosiale universet til barnet. Frå ståstaden til barnet kan det opplevast som om ei hovudgrein i slektskapstreet blir saga av. Ein kjernefamiliesentrisk familiepolitikk gjer at banda som barnet har til storfamilien (og omvendt), så å seie er eit ikkje-tema.

Her har Noreg noko å lære av Sverige. I Sverige er det nemleg slik at når barn er sjuke og må vere heime, så nyt dei av ei ordning som skil seg frå den norske kjernefamiliesentriske modellen på éin grunnleggjande måte: *Andre* vaksne enn mor eller far kan ta seg fri frå jobben for å passe på barnet.

Det er fleire positive konsekvensar av ei meir fleksibel, svenskinspirert sjukebarnsordning, også sett frå eit likestillingsperspektiv. Det blir først og fremst mindre press på mor, men til dels òg på far, om å vere heime med eit sjukt barn. Dette vil igjen hjelpe til med å bryte ned førestellingar om at kvinner i fruktbar alder er mykje borte frå jobb pga. sjukt barn, fordi både menn og kvinner i fruktbar *og ufruktbar alder* kan vere borte frå jobb pga. sjukt barn. I tillegg kan det vere positive gevinstar ved at familieband på tvers av generasjonar blir styrkte. Også

relasjonar mellom barnet og andre vaksne som ikkje er i slekt, men som har viktige sosiale relasjonar til familien, kan styrkjast. For einslege foreldre med barn må dette vere som ei draumeordning, ingenting mindre.

Usynleggjeringa som åleineforeldra opplever i likestillingsprosjektet, dekkjer over hovudtrekk i kjønnsrollemønster som framleis gjeld i Noreg. Ved å ta utgangspunkt i ståstaden til åleineforelderen kan likestillingsprosjektet enda lettare få auga opp for det gjeldande kjønnsrollemønsteret som framleis slår ulikt ut for menn og for kvinner. I tillegg vil det rette opp førestellinga om kjernefamilien som einaste modell for folks liv i dag. I tillegg til åleineforeldre gjeld dette siste punktet for andre grupper, for eksempel homofile.

Sjølv om kampen for homofiles rettar har oppnådd resultat ein berre kunne drøyme om for nokre få tiår sidan, er det framleis slik at ein blir rekna som heterofil inntil det motsette er bevist. For eksempel blir "homofil" brukt som adjektiv i heteroverda på same måte som "kvinneleg" i mannsverda, for eksempel homofil/kvinneleg prest, homofil/kvinneleg finansminister, homofil/kvinneleg oberst osv. Funksjonen er den same: Det stadfestar "norma" slik fleirtalet definerer henne. Denne forma for normativisering gjer at mannen/heteroseksualitet blir standarden, mens kvinna/homofili blir avviket.

Fire hundre menneske i Noreg har hittil gjennomgått kjønnsbekreftande operasjonar. Enkelte av dei er menneske som tidlegare har hatt kjensla av å vere fødde i feil kropp/kjønn. Dei betaler ein høg pris for at samfunnet rundt skal kunne halde fram med å praktisere rigide kjønnsroller for menn og for kvinner.

Ved å ta utgangspunkt i dei homofiles kamp for å elske dei dei elsker, kan likestillingsprosjektet enda lettare setje søkelys på korleis kjønnsrollemønster i dag framleis disiplinerer oss til å tenkje på kva som er passende mannleg eller kvinneleg åtferd.

Ifølgje forskar Arnfinn J. Arnesen kan vi lære av måten dei homofile foreldra sikrar oppveksten til barnet på.<sup>5</sup> På grunn av det overveldande heteroidealet i både lovgjeving og velferdsordningar har dei vorte tvinga til å bli einige om kva som er deira rolle og rettar i forhold til barnet i forkant av ei eventuell endring i familiesituasjonen. På den måten har mange homofile par som får barn, sjølve måtta tenkje gjennom korleis dei best kan sikre foreldreskap gjennom livsløpet, same kva som skjer med forholdet. Hos heterofile par dukkar slike spørsmål i praksis opp berre i ettertid, når ei oppløysing av familiesituasjonen faktisk har skjedd. Da er paret i tillegg avgrensa av gjeldande kulturelle normer og kjønna juridiske strukturar.

Familiepolitikken utgjer ei viktig brikke i likestillingsprosjektet. Parfokusering og kjernefamilien som hovudmodell for samliv er ekskluderande for andre grupper i samfunnet. Blant anna blir også åleineforeldre og homofile ramma av kjønnsystemet. Likestillingsprosjektet må utvidast til å inkludere mangfaldet i røyndommen rundt oss. Dette vil i neste omgang også gje likestillingsprosjektet eit "løft".

## **Jalla, jall**

I namnet til likestillinga har enkelte feministar ønskt å "kle på" kvinnelege idrettsstjerner som stiller opp framfor kamera i sexy positur, samtidig som dei har ønskt å "kle av" dei skautdekte hovuda til muslimske kvinner.

Dei som ønskjer å regulere påkledinga til innvandarkvinner, overdriv den moglegheita kulturen (og religionen) har til å drive hjernevask og gruppepress, og overser det sjølvstendige handlingsrommet til kvar enkelt. Det norske likestillingsprosjektet overfor innvandrara har, i tillegg til spørsmålet om regulering av hovud- og klesplagg, ein lei tendens til fort å bli redusert til eit spørsmål om omskjering og tvangsekteskap.

Offentleg politikk er full av meir eller mindre gode tiltak for innvandrarkvinner. Innvandrarmenn er det få som bryr seg om i same grad. Som regel meiner ein berre ”innvandrarkvinne” når ”likestilling” blir omtalt i samband innvandrarak. (Sjå for eksempel St.meld. 49 2003–2004, *Mangfold gjennom inkludering og deltaking*.) Spissformulert kan vi seie at det norske likestillingsprosjektet overfor innvandrarak først og fremst er ein norsk redningsaksjon av innvandrarkvinner frå mennene deira og frå kulturelle eller religiøse skikkar som, frå eit norsk perspektiv, ikkje passar i det 21. hundreåret.

Men likestillingsprosjektet hos innvandrarak kan ikkje, som likestillingsprosjektet hos befolkninga generelt, sjåast uavhengig av posisjonen deira på arbeidsmarknaden. På grunn av direkte og indirekte diskriminering har innvandrarak, uansett kjønn, langt færre val enn befolkninga elles på arbeidsmarknaden. Kvinner og menn med innvandrarakgrunn har mykje større risiko for å hamne i låginntektsgruppa samanlikna med personar utan innvandrarakgrunn. På lik line med mange norske kvinner har mange innvandrarkvinner sjansane sine i samfunnet knytte til den sosioøkonomiske posisjonen til mennene. Når innvandrarmenn har ei svak tilknytning til yrkeslivet, påverkar det òg situasjonen til innvandrarkvinnene.

I likestillingsarbeidet er det ikkje uvanleg å oppleve at ansvaret for manglande likestilling blir lagt på kvinnene sjølve (dei vil ikkje, dei kan ikkje, dei manglar dei rette instinkta, osv.). Her føreset ein at personalpolitikken er kjønnsnøytral, og at alle, uansett kjønn, blir behandla likt. Overført til innvandringsdebatten finn vi nokre interessante likskapar. Ansvaret for manglande integrering blir lagt på innvandrarak sjølve (dei vil ikkje lære seg norsk, dei er late, osv.). Her føreset ein at personalpolitikken er kulturnøytral, og at alle, uansett etnisk eller religiøs bakgrunn, blir behandla likt.

Når vi skal nærme oss spørsmålet om likestilling i ein fleirkulturell samanheng, er det ingen tvil om at kjønn må vere eit sentralt element. Samtidig må vi vere på vakt mot å bruke ei tilnærming som stengjer ute alle andre dimensjonar enn kjønn. Etniske minoritetar, både menn og kvinner, er i mindretal og må dermed møte det norske samfunnet som ein minoritet. Den direkte og indirekte diskrimineringa som dei blir utsette for i sfærar som bustad-, utdannings- og arbeidsmarknaden, berre for å nemne nokre sentrale område, påverkar ”kjønnspraksisen” som vi observerer hos etniske minoritetar. I tillegg er det viktig å ha eit tids- og generasjonsperspektiv på innvandrarak, slik at blikket vårt er dynamisk og ikkje forenkla og kultur- eller religionsdeterministisk.

Når det er sagt, må vi samtidig ikkje gå i relativiseringsfella og stengje utgangsdøra for den enkelte innvandrarmannen eller -kvinna som ønskjer å frigjere seg frå det same kulturelle, religiøse og etniske mangfaldet som vi ønskjer å respektere og skape rom for i Noreg. Retten *individua* har til å velje annleis enn dei etniske medbrørne eller medsøstre sine, må vere ein sentral berebjelke i eit velfungerande fleirkulturelt samfunn. Éin ting er å skilje mellom maktforskjellen mellom majoritet og minoritet. Ein annan er å sjå maktforskjellar mellom individua innanfor desse grupperingane. Vi treng å tenkje på begge nivåa samtidig.

Sekulariseringa i det norske samfunnet gjer det vanskeleg å skape respekt for det religiøse prosjektet. Mange som kjempar for likestilling mellom menn og kvinner, opplever òg religion som ein viktig livsdimensjon. Og her kan det gjerne vere snakk om religionar som diskriminerer kvinner og favoriserer menn – i teologien eller i praksis. Desse mennene og kvinnene vel å kjempe for endring innanfrå.

Ifølgje SSB har det vore nesten ei tredobling av medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja frå 1980 til i dag. Mange innvandrarak kjem frå land og samfunn der religion har ein større plass i kvardagslivet til folk enn i Noreg. Nokre av dei 100 000 som

er i Noreg, har flykta frå religionsforfølgning i heimlandet sitt. Slik eg ser det, er spørsmålet om innvandra religionar og likestilling i Noreg, eit land som har ein offentleg religion, ikkje berre eit spørsmål om ansvar for å vise større toleranse for religiøse minoritetar. Det er òg eit spørsmål om å respektere det personlege religiøse prosjektet den enkelte har. Også når dei vel (både med og utan hermeteikn) å bere skaut, sjølve symbolet for det ”fjernkulturelle” som har innvandra til Noreg.

I fødelandet mitt, Malaysia, er islam statsreligionen. Familien min er buddhistisk. Det er kanskje vanskeleg for nordmenn å førestelle seg korleis det er å vekse opp blant så mange muslimar. Det enkle svaret er: Det er nesten det same som å vere blant så mange kristne i eit land som har den evangelisk-lutherske læra, slik ho er organisert i Den norske kyrkja, som statsreligion. I Malaysia er det like vanleg med muslimske jenter som går med skaut, som dei som går utan. I Malaysia er det ikkje uvanleg at kvinner med skaut er statsrådar eller vellykka næringslivskvinner. Det er med andre ord mange måtar å vere muslim på, også for kvinner.

Unge muslimske kvinner i Europa tek i aukande grad høgare islamske studium. I Frankrike utgjer kvinner 60 prosent av dei tusen studentane som vart tekne opp i 2005. Ved Rotterdams Islamske Universitet er meir enn 60 prosent av studentane kvinner. Sidan 2000 har skilsmisser blant marokkanarar og tyrkarar i Nederland auka med respektive 46 prosent og 42 prosent. Det er liten tvil om at det skjer store endringar i livet til dei europeiske muslimane, inkludert kjønnsrollene.

Innvandrarkvinner i Noreg kjem frå over 200 land, eit faktum som bør komme enda betre fram i den offentlege debatten. For eksempel har vietnamesiske kvinner høg yrkesdeltaking, men låg valdeltaking, mens pakistanske kvinner har låg yrkesdeltaking, men høg valdeltaking. Mange innvandrarar som er folkevalde, er òg muslimar, noko som ikkje rimar med den populære førestellinga om passive kvinner bak slør.

Vi må forstå kjønnspraksisen til innvandrarane i lys av livssituasjonen deira i Noreg, ikkje berre snevert ut frå ”kulturen” eller ”religionen” deira. Det er jo ironisk at dei einaste jobbane som er opne for innvandarmenn, er ”kvinnearbeid” som reingjering og anna rutinearbeid med låg status. Draumen til norske likestillingsforkjemparar om å ”frigjere” innvandrarar har få sjansar til å lykkast med mindre situasjonen til innvandarmennene og sjansane til etterkommarane deira i Noreg òg blir eit tema.

Tankane våre om kjønn, kjærleik og det gode familielivet er kulturavhengig. Ved å prøve å forstå vala til innvandrarane ut frå deira eigne premisser kan majoriteten lettare få auge på det som majoritetsmakta kan gjere ein blind for, for eksempel endringar i kjønn og religion. I tillegg kan ein hjelpast til å sjå ”sjølvsgade ting” i det norske likestillingsprosjektet, for eksempel at det i høgste grad er sekulært. Også andre enn muslimar opplever religion som ein viktig livsdimensjon i Noreg. Likestillingsprosjektet treng å bli utvida til desse òg.

Ei open og nysgjerrig haldning overfor dei mangfaldige og dynamiske livssituasjonane til innvandrarane vil derfor vere bra ikkje berre for integreringsarbeidet, men òg for likestillingsprosjektet.

## **Konklusjon**

Likestilling er eit samfunnsendringsprosjekt. At det står fram som eit så sjølvsgadt politisk mål, er kvinnerørsla sin store suksess. Dessverre har likestillingsprosjektet vorte noko som færre har funne relevant dei siste åra. Det er mange grunnar til det.

Her har eg teke utgangspunkt i nokre grupper som har vore meir eller mindre fråverande i likestillingsdebatten. I den grad dei har delteke, har det ofte ikkje vore på deira eigne premisser. Eg meiner at ei sentrering av posisjonar som tidlegare har vore perifere i det norske

likestillingsprosjektet, kan vere nyttig ikkje berre for desse gruppene, men for likestillingsprosjektet òg.

For å komme seg ut av eit marginalisert hjørne for spesielt interesserte kan likestillingsprosjektet revitalisere seg sjølv som politisk prosjekt ved å ta utgangspunkt i folks verkelege liv i dag.

## Notar

<sup>1</sup> Connell, Robert W. (2000): *The men and the boys*. Berkeley, University of California Press.

<sup>2</sup> Ifølgje Likestillingsbarometeret (2004) tener kvinner 84 prosent av ei mannslønn og menn 119 prosent av ei kvinnelønn. Her blir i det første tilfellet menn, i det andre tilfellet kvinner brukte som norm.

<sup>3</sup> Kolnar, Knut (2005): *Mannedyret. Begjær i moderne film*. Oslo, Spactacus.

<sup>4</sup> Berven, Nina (2005): *National politics and cross-national ideas: welfare, work and legitimacy in the United States and Norway*. Dr.polit.-avhandling. Universitetet i Bergen.

<sup>5</sup> Andersen, A.J. (2003): *Menn skaper rom for foreldreskap og familie*.

*Farsskapets betingelser i en heteronormativ kultur*. Dr.polit.-avhandling. Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing, Institutt for sosiologi og statvitenskap. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Trondheim.